

Ref. nr. C4TPHG

Vedlegg til søknad om
skul for middelet


18-March-2015

ÅRSMELDING FOR SONLAGET ALVIDT/MANGER 2014 – 2015

Det har vore halde 7 styremøte og 2 medlemsmøte, og 2 seminar i året vi har bak oss.

Styret har siste året vore slik sammensett:

Leiar: Kjersti Hodnekvam
Nestleiar: Monica Agledal
Kasserer: Rigmor Korneliussen
Skrivar: Christine Lillestøl
Noteforvalter: Elin Nøttveit
Varamenn : John Morken og Kjell Morken
Valgkomite : Irene Berge og Mary Hosøy
Revisor : Marit Gro Berge



Vi har delteke på:

Nyttårskonsert 12 januar 2014 i Eidsvåg kirke.

Vi deltok ikkje på korkafe våren 2014 på Fammestad, fordi Liv ikkje kunne vera med oss.

Vi øvde heile våren på programmet til konserten med Grunnlovsjubileet vi skulle ha 20. september.

Sommerfest i juni hjå Tutti, det vart ein veldig trivelig kveld med trekkspelmusikk attåt.

Helge vart spurdt om han kunne spela til en del av songane vi skulle ha på konserten, det sa han ja til.

ETTER FERIE «200 år med populærmusikk» var tittelen på konserten. Vi fekk fin presseomtale i begge lokalavisene

Vi var så heldige å få Leif Egil Vatnøy til å hjelpa oss med regien til konserten, det vart travelt men svært spennande. Konserten gjekk fint, det var bra med folk som kom.

Vi hadde og med ein Musikk skule elev Sara Romarheim som song solo og spelte til sjølv, før vi avslutta med Grand Prix programmet. Då svinga det.

Vi stilte på Korkafe på Austreim 23. september med Grand Prix programmet som vi nett hadde hatt på konserten vår. Vi hadde eit friskt innslag og tilbakemeldingane var gode.

Haustfesten 18. okt hadde vi i Kvamsvågen, då Solvang Ungdomshus på Manger hadde dobbelt booka.

Flott fest der vi hadde invitert Knarvik Gammaldanslag, dei var 12 dansarar som opptredde med sitt program. Dei avslutta med Ung Åslaug og vi song til.

Dei leda polynese og vi dansa til Helge og Trond sin flotte musikk. Gammaldanslaget ville gjerne vera med fleire gonger.

30.november 1. søndag i advent

Vi vart invitert til Bruvik Kyrkje på lysmesse. Dette var veldig kjekt og publikum likte det dei høyrde.

Etterpå var det kyrkjekaffi ,det smakte.

5.desember deltok koret på ein konsert i høve opningsveka for den nye kyrkja i Knarvik.

Krevande akustikk,men ekstra øving i kjellaren gjorde at vi leverte bra.

Søndag 14.desember starta vi på julekonsert kl 15.00 i Sæbø kyrkje som i fjor, det var ein fin konsert og vi hadde god tid til å reisa til Alversund til kl 17.00. Vi kom bra frå dette og.

Etterpå reiste vi heim til Kjersti og juleavslutning,vi song og hadde det kjekt.

Nyttårskonserten

11.januar 2015 i Eidsvåg kirke.dette gjekk fint, vi fekk hjelp av ein tenor fordi John var bortreist.

På flygel vart vi akk. På «Som barn i ditt hus» av husets Organist.

Vi har for tida 19 medlemmer og av dei er 2 i permisjon

Kjersti Hodnekvam

leiar